



# Sund Sokneblad

**Nr. 4**

29. september 2021

Årg. 90

## Konfirmasjonsgudstenester



I fem konfirmasjonsgudstenester i august og september vart dei 65 konfirmantane i Sund sokn konfirmerte. I praksis vil det seia at kvar og ein blei bedt for i gudstenestene. Bilete av konfirmantane finn du **side 4-7**

### Ranselbøn

Søndagen før dei nye første-klassingane skulle byrja på skulen, var det Ranselbøn i kyrkja. Dei tre førsteklasingane som møtte opp i Kausland kyrkje fekk stå saman med presten når han las opp bønna, og Dag R. Pettersen hadde nokon å gje boka om Sakkeus til.

**side 8**

### Tyssøy i regn

Friluftsgudstenesta ved kyrkjesteinane på Tyssøy gjekk som planlagt med både song av Sund Blandakor og musikk av Sund Brass, men det var ikkje til å unngå at det kom litt regn etter kvart.

**side 9**

### Visitagudsteneste

22. august var biskop Halvor Nordhaug tilbake i Sund for å halda visitagudstenesta som han ikkje fekk halda då han var på visitas i november.

**side 10**

### Diakoniplan

Eit diakoniutval held på å laga ein diakoniplan for Sund sokn. Dei vil gjerne ha innspel.

**side 11**

### Hallovann

31. oktober skal det vera ei ungdomsgudsteneste i Kausland kyrkje under temaet Hallovann.

**sistesida**

## Pastoralt perspektiv

### Frivillighet

Framtida er ukjent for oss. Slik også med 2022. Men vi er blitt fortalt at komande år skal vera eit år for *frivillighet*. Og godt er det! Men tenk om vi kunne tjuvstarte litt! Tenk om resten av 2021 kunne bli ei god oppvarming... Oppvarming er for **øvrig** svært viktig og avgjerande for vår innsatsevne når startskuddet går!

Ifølge Wikipedia er ein frivillig ein person som arbeider utan løn eller nokon annan form for økonomisk vederlag, ofte knytta til frivillige organisasjonar. Og i denne korte definisjonen ligg det noko spennande! For det å gje utan forventning om å få noko tilbake, nærer *generositeten vår*. Generositet er ei *haldning*, noko vi er meir enn noko vi gjer. Og vi *blir* generøse ved å vera generøse!

Det er blitt sagt at den einaste måten å få eit vettugt forhold til sine pengar, er å gje dei bort. Tenk om det er slik også med hensyn til tid og engasjement? Tenk om det er slik at jo meir vi gir (jo meir generøse vi er), jo meir har vi å gje vidare – fordi: Vi sjølv blir *forandra* langs denne vegen!

Kyrkja og kyrkjelyden vår er heilt avhengig av frivillighet! Utan generøse menneske blir ikkje Kyrkja det den er meint å skulle vera: Eit tydeleg og ope fellesskap av kjærleik, omsorg og varme i ein verden og eit lokalsamfunn som frys. Og då er det ikkje berre den ytre haust- og vinter-frosten det er snakk om. Det handlar også om ein indre frost som bl.a. skuldast mangel på tilhørigheit, kontakt og venskap. Det er ikkje berre på baby-stadiet at det er livsviktig med kontakt, respons og berøring. Vi menneske veks aldri frå slike behov!

Så gjenstår det å sjå kva som skjer i 2022. Men *frivillighet* bør koma høgt på dagsorden uansett årstal, **både i Kyrkja og i samfunnet** elles. Løyvingar gjennom stats- og kommune-budsjett kan aldri erstatte dette. Og vi får henta mykje av motivasjonen vår her: Ved å gje av vår tid, vår kjærleik og våre midler blir vi - på eit slags underleg bakvendt vis - rikare menneske. Vi blir generøse ved å vera generøse!

Kjell-Asle Børnes

### Temakveld om sorg

i Landro kyrkje

27. oktober klokka 19.00

Prest John Kristian Gramstad Rolfnes  
har innlegg

Musikk ved Irina Tarasova

Enkel bevertning

Hjarteleg velkommen

Arr: Diakonisekssjonen i  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

## Velkommen til gudsteneste

**03. oktober – 19. søndag i treeiningstida – 5 Mos 30,11-15**

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes. *Konfirmantpresentasjon*. Dåp  
Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

**10. oktober – 20. søndag i treeiningstida – Mark 10,2-9**

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. *Haustattakkefest*. Dåp. Song: Stjernekorset/Betweenskorset.  
Takkoffer: Kirkens Bymisjon

**17. oktober – 21. søndag i treeiningstida – Luk 16,19-31**

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.  
Dåp og Nattverd. Takkoffer: TV-aksjonen

**24. oktober – 22. søndag i treeiningstida – Joh 12,35-36**

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Fjell-ly

**31. oktober – Bots- og bønedaag – Luk 18,9-14**

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes. *Biblar til 10-åringar*. Dåp.  
Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

**31. oktober – Kausland kyrkje kl 18:00**

Ungdomsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes m.fl. *Tema: «Hallo-Venn»*. *Musikkinnslag ved Betweenskorset*. Etter gudstenesta et vi saman i kyrkjelydshuset og premierer det mest morosame kostyme!

**07. november – Allehelgensdaag – Matt 5,13-16**

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Hildegunn B. Myklebust og Kjell-Asle Børnes. *Vi minnest og tenner lys for dei som er gravlagde sidan sist Allehelgensdaag!* Nattverd  
Takkoffer: Kirkens SOS

**14. november – 25. søndag i treeiningstida – Matt 14,22-34**

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Stefanusalliansen

**21. november – Domssøndaag/Kristi Kongedaag – Matt 25,1-13**

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Israelsmisjonen

**21. november – Sund kyrkje kl 18:00**

Ungdomsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes m.fl. *Tema: «Gåve»*  
Etter gudstenesta et vi saman i kyrkjelydssalen!

**28. november – 1. søndag i advent – Matt 21,10-17**

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes m.fl. *«LysVaken» deltar!* Dåp.  
Takkoffer: Stjernekorset/Betweenskorset

*Det vert også høve til eigne dåpsegudstenester.*

*Alt med atterhald om endringar grunna korona-situasjonen!*

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er høve til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

**Kyrkjeskys - Indre Sund**

Kontaktperson: Arne Dævøy - tlf. 936 10 773

# Reparasjon av Kausland kyrkje

Ein er for tida i gong med eit stort reparasjonsarbeid på Kausland kyrkje. Stillas er sett opp rundt kyrkja. Ny takskifer er på plass, like eins takpapp og andre ting ein treng til dette arbeidet, og ein heis er sett på plass opp mot det høgaste taket, nemleg tårnet slik at ein lettare kan få den nye skiferen opp dit. Tårnet såg ut til å vera i fokus då desse bileta vart tekne. På tårnet ser vi at den gamle skiferen er teken ned, og nede på bakken ligg ny skifer klar til å bli frakta opp.

*Olai Otterå*




ØY  
GARD  
EN

**Treng du transport til  
eit av handlesentera?**

Då ønskjer vi å høyre frå deg. Vi treng å kartleggje om det er eit behov for transport til og frå handlesentera i den sona du bur. Send e-post til transportkoordinator Merete.Folkestad@oygarden.kommune.no eller ring 900 68 116.

- Sone Nord, Rong senter: onsdagar 11.00-13.00
- Sone Sør, Sundsenteret: onsdagar 11.00-13.00
- Sone Straume, Sartor Storsenter: torsdagar 11.00-13.30



Den siste konfirmantgruppa står klar til å gå inn i Kausland kyrkje.



Medan ein konfirmant blir bedt for står den neste klar, og den føregåande tenner eit lys for konfirmanten det no blir bedt for.

## Konfirmasjon

Søndag 29. august, laurdag 4. og søndag 5. september var det til saman 5 konfirmasjonsgudstenester i Sund sokn, to i Sund kyrkje og tre i Kausland kyrkje. I gudstenestene var det song av Sofia som m.a. framførte songen «Firm foundation» som ein også kan høyra om ein går inn på Spotify.

Men ein viktig del av ei slik gudsteneste er at det blir bedt for kvar av konfirmantane etter kvart som dei kjem fram og kneler ved altarringen. I tur og orden kjem dei fram, står og ventar til det er hans eller hennar tur, går fram, kneler og blir bedt for, får deretter hengt ein kross rundt halsen, går vidare til lysgloben og tenner eit lys for den neste konfirmanten som det blir bedt for.

Som ein vil sjå av bileta av dei ulike konfirmantgruppene vart bileta i Sund kyrkje tekne inne i kyrkja medan konfirmantane i Kausland kyrkje vart fotograferte ute.

*Olai Otterå*



Eit lys blir tent for kvar av konfirmantane.

### Konfirmantane i Sund kyrkje >>>

*Søndag 29. august kl. 11.00*

Bjarne Børnes Dávøy, Brage Skjoldal, Daniel Brekken Håkonsund, Emma Glistrup, Johannes Ågotnes, Jonas Erichsen Solheim, Julie Dorteia Forland, Kasper Lerøy Kvalvåg, Kira Ravn Sangolt, Marius Leirvaag Hufthammer, Mathias Drange Revheim, Mathias Sangolt Ekren, Odd-Eirik Karlsen Nedrud, Sigurd-Andrè Natås Kvarven, Sondre Mathias Glesnes.

*Søndag 29. august kl. 13.00*

Edvard Stigen Bjørøy, Elias Thomas Høyland, Era Cecilie Sangolt, Helene Rakli Børnes, Henriette Børnes Myklebust, Ingeborg Krondorfer, Johanne Kalstad, Lise Titland Solsvik, Mari Hatlelid Naustheller, Sindre Morlandstø Magnussen, Sverre Sæterbø, Viktoria Kausland Vabø.

# Konfirmantane i Sund kyrkje



Søndag 29. august kl. 11.00

FOTO: TRULS LØTVEDT



Søndag 29. august kl. 13.00

FOTO: TRULS LØTVEDT

# Konfirmantane i Kausland kyrkje



FOTO: TRULS LØTVEDT

## Laurdag 4. september kl. 11.00

Amalie Spjeld Rabben, Caroline Iversen Skoge, Cleonissy Machado Kalunga, Dennis Hagen, Elisabeth Eiksund, Ingrid Anna Nilsen Telle, Julie Sørland Skage,

Martin Asphaug Arnesen, Natalie Aspevik Heggøy, Nicolai Andre Ekholst, Vegard Haugsøen.

## Føremiddagstreffa

Så ser det endeleg ut for at føremiddagstreffa kan starte opp att etter ei lengre tid med stans som følgje av koronasituasjonen. Som tidlegare tek føremiddagstreffa til kl. 11.30, vekselvis i Kyrkjekjellaren og i Kausland kyrkjelydshus. Det blir servert lunsj på føremiddagstreffa, og det er alltid ein gjest som snakkar om eit emne. Følg også med i kunngjeringar og i VestNytt.

Bli med på desse treffa, og ta gjerne med deg nokon!

### 29. september - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Tarald Ueland som vil snakka om Svein Ellingsen sitt liv og diktning.

### 27. oktober - Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Erling Kopperud

### 24. november - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Egil Morland

## Laurdag 4. september kl. 13.00 >>>

Alexander Ekerhovd Fenne, Celine Fjell Mohn Kleppe, Emrik Frostad Stensrud, Erik Isak Olsen, Hedda Victoria Ekeland, Jill Vanessa Miller, Karen Hondy Busomoke, Kristoffer Løkøy Noremark, Malvin Trellevik, Maria Landro Glesnes, Oliver Sylte Glesnes, Vanessa Karlsen Skjellevik.

## Søndag 5. september kl. 11.00 >>>

Alexandra Bendiksen Larsen, Benjamin Selstø, Henriette Møller Nøttveit, Isak Skårdal Litlere, Johanne Linnea Vetås Vorland, Lana Gjesholm Hestad, Lars Fjeldstad Glesnes, Leah Hagen Espedal, Liam Hetlevik Vabø, Marcus Wilhelmsen Selstø, Mia-Sofie Gjertsen Steinsland, Mikal Kallestad, Natalie Josefine Boge Ågotnes, Sondre Olsen-Jensen, Victoria Astrid Dyrkolbotn.



Laurdag 4. september kl. 13.00

FOTO: TRULS LØTVEDT



Søndag 5. september kl. 11.00

FOTO: TRULS LØTVEDT

# Ranselbøn for dei nye førsteklasingane



*Dei nye førsteklasingane har fått ei bok om Sakkeus frå Dag R. Pettersen.*

Kvar haust når vi kjem til søndagen før skulestart har det dei siste åra vore vanleg å ha ei gudsteneste der presten har med ei såkalla Ranselbøn der han ber for alle førsteklasingane som skal til å byrja på skulen. Alle førsteklasingane i Sund sokn var inviterte til Kausland kyrkje denne søndagen for å vera med på gudstenesta.

Det var berre tre elevar som møtte opp, men dei fekk gå i prosesjon inn i kyrkja, stå framme i kyrkja og visa fram dei nye ranslane sine, og dei fekk også utdelt ei bok om Sakkeus, den kortvaksne tollaren som klatra opp i eit morbærtre for å få sjå Jesus. Bøkene vart delte ut av Dag R. Pettersen, kyrkjelydspedagogen i Sund

sokn.

Sakkeus var òg tema i presten si preike denne søndagen. Elles las presten opp bønna for alle borna som skulle til å byrja på skulen, og dei tre førsteklasingane som hadde møtt opp i kyrkja stod saman med presten framme i kyrkja då det skjedde.

*Olai Otterå*



*Førsteklasingane står med faldne hender medan presten ber bønna for alle dei nye førsteklasingane.*



Friluftsgudstenesta ved kyrkjesteinane på Tyssøy starta med opphaldsvær, men etter kvart kom det noko nedbør.

## Utegudsteneste på Tyssøy i regn



Soknerådsleiar Svein Myklebust stod for klokkeringinga.

Det såg bra ut i byrjinga av gudstenesta ved kyrkjesteinane på Tyssøy. Regnet såg ut til å halda seg borte, men i løpet av gudstenesta kom det ned ein del dropar som gjorde at folk fann fram paraplyar og regntøy.

Men gudsteneste vart det med song, preike og elles det som høyrer med på ei friluftsgudsteneste. Sund Blandakor var der med fleire singlar, og Sund Brass varta opp med kraftfulle tonar. Irina

Tarasova hadde med seg eit el.orgel, så det blei tonefylgje til alle songane.

Så gjorde det ikkje så mykje med nokre regndropar. Folk hadde med seg utstyr nok til å halda seg tørre. Dei hadde nok rekna med at det kunne bli litt vått.

Men kyrkjekaffi blei det ikkje. Koronaen hadde ikkje heilt sloppe taket.

Olai Otterå



Sund Brass i aksjon på Tyssøy.

## Between-klubb

Frå 4. klasse og oppover!  
I Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje  
frå klokka 17.30 til 19.30.

Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, et kvelds saman. Du og venene dine er velkommen til å bli med!

### Vi møtest:

26. oktober  
16. november  
7. desember



Sund Blandakor song fleire songar under visitasgudstenesta, m.a. Johannes Kleppevik sin song «Eg har ein engel med meg på vegen».



**Over:** Biskop Halvor Nordhaug hadde preika denne dagen. **Under:** Etter gudstenesta heldt biskopen visitasføredraget sitt.



## Visitasgudsteneste i Sund kyrkje

Bispevisitasen i Sund sokn var i november i fjor, men først søndag 22. august i år fekk biskop Halvor Nordhaug halda visitasgudstenesta. Dette skuldast koronarestriksjonane i fjor haust.

I denne gudstenesta var også prost Jan Tommy Fosse og Kjell-Asle Børnes med, men det var biskopen som hadde preika, og det var også han som stod for nattverden.

Sund Blandakor framførte fleire songar i denne gudstenesta, m.a. Johannes Kleppevik sin etter kvart kjende song «Eg har ein engel med meg på vegen».

Etter gudstenesta heldt biskopen visitasføredraget sitt der han oppsummerte besøket og peika på ein del punkt som kyrkjelyden kunne jobba vidare med. Dette føredraget er tidlegare gjengjeve i Sund Sokneblad.

Etter føredraget var det helsingar frå

m.a. ordførar Tom Georg Indrevik og frå soknerådsleiar Svein Marius Myklebust.

Til slutt i denne tilstellinga var det kyrkjekaffi, og grunna korona og fint vær vart den gjennomført utandørs.

*Olai Otterå*



Ordførar Tom Georg Indrevik kom med ei helsing.



I det fine været samlast ein til kyrkjekaffi utanfor kyrkja.

## Det er behov for matlevering heim og fellesmåltid for eldre

Ei kartlegging Øygarden kommune har gjennomført blant eldre heimebuande viser at det er behov for å få levert varm mat heim og å delta på felles middagssamlingar.

- Eg er godt nøgd med svara vi fekk, seier Berit Anita Knudtsen Larsen i eldrerådet.

86 personar responderte på kartlegginga som vart gjennomført før ferien. 37 av respondentane kan tenkja seg å delta på ei felles middagssamling ein dag i veka, og 44 av dei som svarte har behov for å få levert varm middag heim ein eller fleire dagar i veka. Dei fleste vil ha middagen levert i tidsrommet mellom klokka 13 og 16.

### Fellesmåltid i haust og levering av mat ut på nyåret

Knudtsen Larsen meiner at kartlegginga stadfestar at det er behov for å få levert varm mat heim og at mange ønskjer å delta i felles middagssamling.

- Dette er ein god start, og responsen er så god at vi vil ta kontakt med

ulike serveringsstader som kan tilby fellesmåltid og aktørar som kan levera mat heim til dei eldre. Vi legg opp til at tilbodet om fellesmåltid startar opp i løpet av oktober i Skogsskiftet, på Straume og på Rong. Når det gjeld levering av varm mat heim, treng vi litt meir tid for å få det på plass. Eg reknar med at dette tilbodet startar opp ein gong ut på nyåret, seier ho.

Øygarden kommune er med i kvalitetsreforma *Leve heile livet* der målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å meistra livet og få ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Via Statsforvaltaren har Øygarden kommune for 2021 fått tildelt 300 tusen kroner til prosjektet *Eldre ut på middag*.

- Dette gjer det altså mogleg å starta opp med fellesmåltida allereie no i oktober, seier ein optimistisk Berit Anita Knudtsen Larsen.

Øygarden kommune vil koma tilbake med informasjon på nettsida og andre stader om oppstart av fellesmiddag med sosial samling.

Vigleik Brekke



Berit Anita Knudtsen Larsen i eldrerådet er nøgd med svara dei fekk på undersøkinga.



Medlemmer i diakoniutvalet: Bente Aase, Ruth Bakke og Fredrik Mortensen. I tillegg er Hildegunn Børnes Myklebust med. Ho er her fotograf.

## Diakoniplan

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og uttrykkes gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Diakonien skal gjennomsyre alt som skjer i kyrkjeleg samanheng, og i tillegg skal vi ha spesielle diakonale tiltak. Sund sokneråd har eit diakoniutval, vi held på å utarbeide ein diakoniplan for Sund sokn. Diakoniplanen skal ferdigstillast i år.

Diakoniplanen er ikkje målet, men den kan vere med å formidle diakonalt arbeid som er i soknet og oppmuntra til at eg og du tenkjer diakonalt. Vi ynskjer også å leggja fram tankar om oppstart av nye diakonale tiltak. Vi skal alle vere velkommen i trygge inkluderande fellesskap der vi har tid til kvarandre.

Har du spørsmål eller innspel til diakoni ynskjer vi at du tek kontakt. Hildegunn Børnes Myklebust kan nåast på mobil 455 16 360 eller på e-post: [hm849@kyrkja.no](mailto:hm849@kyrkja.no). Fredrik Mortensen kan nåast på mobil 934 09 141 eller på e-post: [fredrik.a.mortensen@gmail.com](mailto:fredrik.a.mortensen@gmail.com)

Fredrik Mortensen  
leiar i diakoniutvalet

## Likar du å synge?

Vil du bli med i kor?  
Vi har to kor som øver i Sund kyrkje  
annankvar tysdag!

### Stjernekor

er for deg som er mellom 4-9 år. Vi møtest frå klokka 17.30-18.30.

### Betweenkor

er for deg som går i 4. klasse og oppover. Vi øver frå 18.30-19.30.

#### Begge kora øver:

28. september  
19. oktober  
9. november  
23. november  
14. desember

## Myldredag

For heile familien - Besteforeldre også!  
Klokka 17:00-19:00

### Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

5. oktober  
2. november  
30. november

### Kyrkjelydshuset på Kausland

20. oktober  
10. november  
8. desember

Middag - bibelfortelling - aktivitetar - fellesskap  
Ta med familien og kom, eller kom åleine.

Påmelding til myldredagane: Hildegunn - 455 16 360

*Programmet er med atterhald av Covid-19 og smittevern*

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40  
Kirkens SOS teksttelefon for døde, tlf. 55 32 56 97



Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
**Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet**  
www.solstrands.no  
Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE  
GRAVFERD**

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en  
tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume  
( samme hus som Ligningskontoret )



## GRAVMINNER

 **Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
www.lovaasnaturstein.no

**Bergen Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner  
Lensmannsvegen 17B,  
5378 Klokkarvik



Epost: redapukelis@gmail.com  
Facebook: Redas neglestudio

## Lovsongskveld i Sund kyrkje

Fredag 22.10. kl.19.00  
Song ved Solveig Økland  
Velkomne!



## Open kyrkje

Søndag 07.11 i Sund kyrkje  
klokka 17.00-19.00.

Du er hjarteleg velkommen  
innom kyrkja for lystenning,  
stille, ro, bøn og musikk.

# DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER  
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR  
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

## Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som  
frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta  
del i teamarbeidet rundt ei  
gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgaver du kan få vere med på: klokkaroppgåver, kyrkjevertoppgåver eller kaffivertoppgåver.

**Vi vil gjerne ha deg med!**

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil  
455 16 360 eller på e-post:  
[hm849@kyrkja.no](mailto:hm849@kyrkja.no)

# «Styrke for dagen og håp for i morgen»

Hausten er her, med kortare dagar. Og etter kvart blir dei også meir og meir grå og regnfulle. Sjølv sagt kan hausten også vera vakker, på sin måte. Men ofte har den med seg ein melankoli som grip tak i oss og gjer oss tyngre til sinns. Sjølv sagt er vi ulike, men når blada fell og haustmørket sig innover oss, så gjer det noko med oss og kvardagen vår. Og for nokon blir haustmørket ekstra tungt å leva i. For det har ein tendens til å forsterka våre bekymringar og gje næring til vår uro for morgondagen.

Tenk om vi då berre kunne falda våre hender - og vipps så var alt i orden... Men slik er det sjeldan eller aldri. Gud er ingen automat, og han har aldri lova oss eit problemfritt liv. I staden har han lova å gå saman med oss og styrkja oss både gjennom sommarens lyse dagar og haustmørkets melankoli. Som dagen din er, skal styrken din vera, seier han (5 Mos 33,25). Eller for

å seia det med salmediktaren: «Styrke for dagen og håp for i morgen». (Norsk Salmebok 322)

Og det kan vår himmelske Far lova oss, for han er i morgondagen allereie, enten den blir full av lys eller mest prega av haustmørket. Slike skifter kjem vi ikkje utanom, men Gud er konstant: «Skiftende skygge når aldri din sti» - syng salmediktaren (322). Og

## Andakten

han legg til:  
«Du er den samme, din miskunn er evig, slik som du var, skal du alltid forbli».

Så har vi difor all grunn til å forventast og rekna med ei fast hand å halda i – også i dei tunge dagane. Det inne-

bærer ingen rosa sky eller gull og grønne skogar, men i staden ei omsorg for heile oss, også når vi ikkje merkar det. Og kven andre enn salmediktaren Lina Sandell kan hjelpa oss med blikkfeste og fotfeste i haustmørket, når ho syng: «Själw han är mig alla dagar nära, för var särskild tid med särskild nåd. Varje dags bekymmer vill han bära, han som heter både Kraft och Råd. Att sin dyra egendom bevara, denna omsorg har han lagt på sig. Som din dag, så skall din kraft ock vara, detta löfte gav han mig.» (Norsk Salmebok 489)

Lat oss dermed halda fast på overskrifta: «Styrke for dagen og håp for i morgen».

Det er eit godt tidsperspektiv å kvila i gjennom alle årstider!

*Kjell-Asle Børnes*



Via **INTERFLORA** formidlar vi blomstrar i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup, gebursdagar og gravferder - og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader i Fjell og Sund.

### Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

**Tlf.: 56 33 90 13**

Faks: 56 33 93 01

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT



**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse  
Kvile 17A  
5379 Steinsland  
Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE

## Døyppte

### 06.06 Kausland kyrkje

Valeria Rognsøy

Marie Øvretveit Ulvesæter

### 20.06 Kausland kyrkje

Jarl Skjøtt Kristiansen

### 04.07 Kausland kyrkje

Levi Høgøy Øvretveit

Hedvig Marilen Høyland Fjell

### 11.07 Sund kyrkje

Sara Thormodsen Pedersen

### 25.07 Kausland kyrkje

Mina Åsgard Tellnes

Håkon Skoge Bergersen

### 01.08 Sund kyrkje

Tio Alden Kvamme

### 15.08 Kausland kyrkje

Selma Kråkenes Revheim

Jennie Hetland Selstø

### 21.08 Kausland kyrkje

Marcus Wilhelmsen Selstø

Cleonissy Machado Kalunga

Karen Hondy Busomoke

### 12.09 Sund kyrkje

Jørgen Dale

### 19.09 Kausland kyrkje

Einar Tydal Eknes

## Vigde

### 26.06 Kausland kyrkje

Gunn Elèn Espeseth & Thomas Jensen

### 03.07 Sund kyrkje

Elin Victoria Nikolaisen & Øystein

Øvretveit

## Gravlagde

### 01.06 Sund kyrkje

Anna Tomine Børnes, f. 1927

### 03.06 Kausland kyrkje

Johan Konrad Glesnes, f. 1926

### 16.06 Kausland kyrkje

Tor Kjell Golten, f. 1944

### 29.06 Kausland kyrkje

Egil Kvam, f. 1950

### 13.07 Kausland kyrkje

Bjørn Dag Kismul, f. 1950

### 27.07 Sund kyrkje

Kirsten Margrethe Molde, f. 1944

### 06.08 Sund kyrkje

Brita Høyland, f. 1924

### 10.08 Sund kyrkje

Lars Erik Lund, f. 1952

### 12.08 Sund kyrkje

Walter Samsonsen, f. 1938 (bisetjing)

Truls Børtveit, f. 2021

Emrik Børtveit, f. 2021

### 17.08 Sund kyrkje

Odd Ingvald Selstø, f. 1931

### 24.08 Sund kyrkje

Jenny Oliva Glesnes, f. 1946

(bisetjing)

### 31.08 Sund kyrkje

Arne Ask, f. 1936 (bisetjing)

### 14.09 Sund kyrkje

Sven Jacobsen Bakke, f. 1936

(bisetjing)

### 31.07 Sund kyrkje

Stine Høyland & Mats Golten Selstø



DEN NORSKE KYRKJA

## Sund sokn

Telefon sentralbord: ..... 400 03 316

### Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor

Tytebærbrekko 2

5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

### Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag ..... kl. 10.00 - 14.00

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettside:** www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

### Soknepresten

Kjell-Asle Børnes..... 41 41 66 67

sokneprest

E-post: kb427@kyrkja.no

### Soknerådet

Svein Marius Myklebust ..... 95 88 61 56

soknerådsleiar

E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

### Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

### Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

## Givarteneste

Sund kyrkjelyd

### Barne- og familiarbeidet Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156

Merk kva formål gåva er til.



DEN NORSKE KYRKJA

## Sund Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

**Adresse:** Tytebærbrekko 2,  
5353 Straume

**Konto:** 1503.84.37590

**Kontingent:** 250 kr pr. år

**Redigering:** Olai Otterå

### Redaksjon:

Olai Otterå ..... 928 93 057

### E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

### Trykk:

Bodoni AS, Straume



**Opplag:** 3.950

## Halloween ungdomsgudsteneste



Ta på deg eit morosamt kostyme og bli med.

Velkommen til Halloween ungdomsgudsteneste i Kausland kyrkje  
31. oktober kl 18.00.

**Program:**

- Spennande musikk.
- Andakt.
- Kåring av kveldens mest morosame kostyme.
- Servering av pizzabollar og brus.

Gudstenesta er open for alle, men er dedikert til ungdommar. Konfirmantar er spesielt velkomne. Halloween har fokus på vennskap og mottoet er: Det du vil at andre skal gjere mot deg, skal du gjere mot dei.

## «Trusopplæring for vaksne»

Kva er nåde? Korleis vart Bibelen til? Kven er den heilage Ande?

Desse spørsmåla og fleire til prøver vi å finna svar på denne hausten i kyrkjelyden vår!

Sund sokneråd inviterer til «Trusopplæring for vaksne» 5 tysdagskveldar frå kl 19.00 – 20.30.

Velkommen til undervisning, kafidros og høve til å stilla spørsmål...

**Programmet for hausten 2021 ser slik ut:**

**Tysdag 5. oktober kl 19.00**

Kyrkjelydssalen, Sund kyrkje

Tema: «Kva er *nåde*?» v/Kjell-Asle Børnes

**Tysdag 26. oktober kl 19.00**

Kausland kyrkjelydshus

Tema: «Korleis vart *Bibelen* til?» v/Kjell-Asle Børnes

**Tysdag 9. november kl 19.00**

Kyrkjelydssalen, Sund kyrkje

Tema: «Kven er den heilage *Ande*?» v/Kjell-Asle Børnes

**Tysdag 23. november kl 19.00**

Kausland kyrkjelydshus

Tema: «Kva er *tru*?» v/Kjell-Asle Børnes

**Tysdag 7. desember kl 19.00**

Kyrkjelydssalen, Sund kyrkje

Tema: «Kven er *han som låg i krubba*?» v/prost Jan Tommy Fosse

**VELKOMMEN!**

Arr: Sund sokneråd

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 1. desember

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 17. november